

Til foreldre/føresette.

***Informasjon om Utdanningsdirektoratet sine kartleggingsprøver,
våren 2017***

Kartleggingsprøver i lesing i 1., 2. og 3. klasse og rekning i 2. klasse er obligatoriske for alle elevane. Rekning i 1. og 2. klasse samt engelsk i 3. klasse kan skulane sjølv avgjere om dei skal gjennomføra . På Austebygd gjennomfører me alle kartleggingsprøvene. Hovudregelen er at alle elevar skal delta. Elevar med rett til spesialundervisning eller rett til særskild norskopplæring kan få fritak frå kartleggingsprøvene. Desse elevane får ikkje automatisk fritak. Skuleleiaren skal i samråd med læraren gjere ei særskilt og individuell vurdering av om resultata til elever med enkeltvedtak kan være nyttig i læraren si tilrettelegging av opplæringa.

Elevar som er sjuke på prøvedagen, eller som har anna fråvær, skal få høve til å ta prøven i ettertid.

Oppgåvene er laga for å finna dei elevene som treng ekstra hjelp og støtte. Ein kan altså ikkje konkludera med at ein elev er ekstra god i rekning fordi ho eller han fekk til alle oppgåvene.

Dersom resultata viser at ein elev har behov for ekstra oppfølging, skal foreldra få tilbakemelding om prøveresultata og bli informert om kva tiltak skulen set inn.

Utdanningsdirektoratet samlar ikkje inn resultata på kartleggingsprøvene. Resultata skal ikkje brukast til å samanlikna skular eller kommunar.

Kartleggingsprøvene skal vera gjennomført innan 7. april.

Austebygd skule 20.02.17

Torunn T. Hovden